

02.07.2025

**Rehabilitering
Sperredam
Dalaelv**

**Detaljplan for miljø
og landskap**

Innholdsfortegnelse

1	Grunnlagsdata.....	3
1.1	Samandrag	3
1.2	Om konsesjonæren og anlegget.....	3
1.3	Lokalisering	4
1.4	Framdriftsplan.....	6
1.5	Lokal orientering/nabovarsling.....	6
2	Gjeldande vilkår og eventuelle endringer	7
2.1	Om konsesjonen og andre relevante vedtak	7
3	Om anlegget og tiltaket	7
3.1	Anlegget og tiltaket	7
3.2	IK-vassdrag	12
4	Forhold rundt anlegget	12
4.1	Naturfare.....	12
4.2	Naturmangfaldlova.....	12
4.3	Forholdet til andre myndigheter/lover.....	13
4.4	Prinsipp for arrondering og revegetering	14
4.5	Oppsummering avbøtande tiltak	14
5	Vedlegg	14

Vedlegg

Vedlegg 1 - Grunneigar og interessentliste

Vedlegg 2 – Situasjonsplan og Arealbruksplan

1 Grunnlagsdata

1.1 SAMANDRAG

Statkraft Energi AS skal rehabilitere sperredam Dalaelv (Dalavasselv i konsesjon), som demmar opp inntaksmagasinet til ein overføringstunnel mot Åsvatn, som vidare overførast til Høyanger kraftverk 5A (K5A).

Sperredammen er ein ca. 17 m lang og 3,7 høg massiv betongdam med ei botntappelupe i tre. Dammen er bygd på 1960-talet, og tilstanden til betongen tilseier at tiltak må utførast. Rehabiliteringa omfattar fjerning av skada betong og å støype ei armert betongkappe rundt eksisterande dam. Tappearrangementet fornyast ved at treluka rivast og erstattast av ein tappeventil.

Dammen ligg veglaust og grisgrendt til, 720 moh. Personell, maskiner og materiale skal flygast opp med helikopter. Utanom at dammen vil få eit noko større fotavtrykk, samt framstå som ein robust konstruksjon, vil tiltaket ikkje endre nokre av forholda ved damstaden.

Arbeidet er planlagt gjennomført i perioden juli – oktober i 2026. Statkraft vil kontakte alle grunneigarar og orientera om arbeida og leggja ved denne planen i god tid før oppstart.

1.2 OM KONSESJONÆREN OG ANLEGGET


Tabell 1. Om konsesjonæren og anlegget.

Konsesjonær	Namn: Statkraft Energi AS		
	Kontaktperson: Kåre Hønsi	Tlf: 91173219	Epost: kare.honsi@statkraft.com
	Adresse: Gaupnegrandane, 6868 Gaupne		
	Organisasjonsnummer: 987059729 (Statkraft Energi AS)		
Informasjon om anlegget	Konsesjon: • Tillatelse til å foreta regulering og overføring av Hovlandsvassdraget m. v. i Sogn og Fjordane fylke. Kgl. res. 9. august 1963. • Regulering og overføring av Hovlandsvassdraget. Planendring. 2. mars 1965. • Tillatelse ... til fortsatt regulering av Høyangervassdraget. Kgl. res. 20. mai 1988. • Overføring av konsesjoner for regulering av Høyangervassdragene. Kgl. res. 9. november 2011.		
	Namn til anlegget: Sperredam Dalaelv		


	Lokalisering: Sunnfjord kommune, Vestland fylke		
Kontaktinformasjon byggefase	Kontaktperson miljø/landskap: Marte Veivåg-Aase	Tlf: 93059368	Epost: marte.aase@statkraft.com
	Prosjektleder - byggefasen: Atle Loopstra	Tlf: 90514020	Epost: atle.loopstra@statkraft.com
	Byggeleder: Alexander Heggenes Gjermundstad	Tlf: 95766348	Epost: alexander.heggenesjermundstad@statkraft.com
	Fagkompetanse miljø- og landskap: Marte Veivåg-Aase	Tlf: 93059368	Epost: marte.aase@statkraft.com
Kontaktinformasjon driftsfase	Kontaktperson miljø/landskap: Marte Veivåg-Aase	Tlf: 93059368	Epost: marte.aase@statkraft.com
	Kraftverkssjef: Inge Hass	Tlf: 41818899	Epost: inge.hass@statkraft.com
	Fagkompetanse miljø- og landskap: Marte Veivåg-Aase	Tlf: 93059368	Epost: marte.aase@statkraft.com
	Tilsynsperson/oppfølging miljø- og landskap: Gunnar Ove Vigdal	Tlf: 91843362	Epost: GunnarOve.Vigdal@statkraft.com

1.3 LOKALISERING

Dammen er lokalisert i Sunnfjord kommune, Vestland fylke. Anlegget ligg veglaust og grisgrendt til på 720 moh. og om lag 3 km frå nærmaste bilveg.



Figur 1. Lokalisering av anlegget.



Figur 2. Lokalisering av anlegget, og overføringer inn og ut av Dalavattn.

1.4 FRAMDRIFTSPLAN

Anleggsarbeidet utførast i løpet av éin byggesesong i sommarhalvåret 2026. Estimert gjennomføringstid er 3-4 månadar, med oppstart sommar 2026. Tidspunktet er avhengig av snøsituasjonen i fjellet, og det takast sikte på å starte arbeidet når snøsmeltinga er over og anleggsområdet er snøfritt.

1.5 LOKAL ORIENTERING/NABOVARSLING

Det skal gjevast ei orientering om prosjektet til nærmiljø, naboar og rettshavarar. Det er etablert kontakt med aktuelle grunneigarar rundt damstad, samt ved helikopterplass for utflyging av utstyr og personell til damstad.

2 Gjeldande vilkår og eventuelle endringar

2.1 OM KONSESJONEN OG ANDRE RELEVANTE VEDTAK

Konsesjon som ligg til grunn for regulering og overføring av Hovlandsvassdraget vart gitt Norsk Aluminium Company i 1963. I 1988 fekk Norsk Hydro og Hydro Aluminium fornya konsesjonen, og i 2001 vart konsesjonen overført til Statkraft, som i 1998 hadde teke over drifta av kraftverka frå Norsk Hydro.

Dalavatn og Dalavasselv er spesifikt nemnt i planendring godkjent 2. mars 1965, der det under overskrift «Reguleringer» er gitt reguleringsgrenser for Dalavasselv, og avløpet frå Dalavatn er omtalt under overskrift «Overføringer». I øvrige konsesjonsdokument er Dalavatn og Dalavasselv ikkje spesifikt nemnt.

I planendringa er altså det som i denne detaljplanen kallast Dalaelv, namngitt Dalavasselv. Dalaelv er namnet som seinare er brukt i all dokumentasjon av anlegget. Det er antatt at Dalavatn i planendringa siktar til Dalavatnet 782,1 moh.

I planendring er reguleringsgrensene angitt mellom kote 722,0 og 718,0, medan naturleg vasstand er angitt på kote 720,0. På teikningar er HRV, gitt som topp sperredam, angitt på kote 722,1, medan naturleg vasstand er angitt på kote 720,1.

Konsesjonsdokumenta inneheld ingen omtale av fare- og problemområde for miljø og landskap, dermed heller ingen avbøtande tiltak som måtte vere relevant for tiltaket i denne detaljplanen.

Sperredammen er sett i konsekvensklasse 0, av vedtak datert 05.07.2024 (NVE-ref.: 201704720-11).

3 Om anlegget og tiltaket


3.1 ANLEGGET OG TILTAKET

Dagens anlegg består av ein massiv betongdam. Dammen er ca. 17 m lang og 3,7 høg, og har ei botntappeluke i tre. Dammen er bygd på 1960-talet, og skal rehabiliterast med fylgjande hovudaktivitetar:


- Inntransport med helikopter og rigg til damområdet
- Etablering av rigg
- Etablering av fangdam ved hjelp av storsekkar fylt med innflydd grus og evt. stadlege massar som ligg mot dammen
- Rive botntappeluka
- Rive øvste ca. 400 mm av dammen, samt fjerne skade betong på opp- og nedstraums side
- Støype inn eksisterande dam med ei armert betongkappe, dybla til eksisterande dam og forankra til berg med boltar
- Etablere nytt tappearrangement med å støype inn eit tapperør med ventil i dagens tappekulvert
- Nedrigging, opprydding og arrondering
- Uttransport med helikopter



Figur 3: Bilete av sperredam Dalaelv, dagens tilstand.



Figur 4: Illustrasjon av rehabilitert sperredam Dalaelv.




Anlegget ligg veglaust og gravgrendt til, 720 moh. og om lag 3 km frå nærmaste bilveg. Innflyging av ca. 60 m³ betong, ca. 180 turar, utgjer størstedelen av aktiviteten med helikopter. Utanom perioden med støyping av betong, vil helikopteraktiviteten vere meir konsentrert rundt etablering og avvikling av rigg. 5 tonns demonterbar minigraver flygast inn og nyttast til rive- og borearbeid. Det skal nyttast skytematter som maskina beltar på for å skåne terrenget.

Ein fangdam etablerast i ei innsnevring i innsjøen ca. 20 m frå dammen. Fangdammen planleggjast utført med storsekkar fylt med innflydd grus og evt. stadlege massa. Fangdammen blir ca. 5 m brei, med anslått maksimal høgd på 2 m. Vassvolumet mellom betongdam og fangdam drenerast ut gjennom dagens tappeløp, og treluka rivast. Øvste ca. 400 mm av betongdammen rivast (pigging eller saging) slik at damterskelen behaldast på same nivå etter påstøyp. Skada betong på opp- og nedstraums side fjernast også. Riven betong fraktast bort frå anlegget med helikopter og køyrast til godkjent deponi. Det vil bli tekne prøvar av betongen for å kartleggje eventuelle farlege stoffar. Dam og tilliggjande berg blir reinspylt før forskalings- og armeringsarbeidet

påstartast. Støyping og riving av forskaling utførast, før tappeventil monterast. Riving av fangdam, opprydding og eventuell arrondering avsluttar anleggsarbeidet.

Arealbruket etter ferdig tiltak vil vere tilnærma uendra, der berre fotavtrykket til betongdammen blir noko større. Det ligg massar mot oppstraums side av luka. Desse spylast anten ned gjennom tappeløpet og vidare ned i elva, eller gravast ut og leggjast under nivå for normal vasstand på i bukta ca. 30 m aust for dammen.

Mellombelse inngrep for rigg og betongarbeid blir avgrensa då all transport til anleggsstaden utførast med helikopter. Lokal transport med minigravar på anleggsområdet skal gjerast på skytemattar for å skåne vegetasjonen. Alle spor etter mellombelse inngrep vil bli fjerna ved avslutning av anleggsaktiviteten.



3.2 IK-VASSDRAG

Vassdragsanlegget er omfatta av Statkraft sitt internkontrollsystem for vassdragsanlegg, jf. «Forskrift om internkontroll etter vassdragslovgivningen (IK-vassdrag)» av 28.10.2011.

Systemet skal sikre at planlegging, utbygging og seinare drift av anlegget skjer i medhald av gjeldande lover og reglar. Det vil i førespurnad og kontrakt bli stilt kraft til entreprenøren sin oppfylging av ytre miljø. Dette omfattar blant anna Statkraft sin standard for krav for å sikre at miljøomsyn blir ivaretekne.

Det blir utarbeida sjekklister for systematisk tilsyn i tilknytning til både sikkerheit og miljø for anleggsperioden.

4 Forhold rundt anlegget

4.1 NATURFARE

Flaum

Tiltaket ligg innanfor aktsemdsområdet for flaum. Det skal etablerast ein fangdam i opphaveleg elveløp ca. 20 m oppstraums dammen. Løysinga medfører at arbeidstakarar og utstyr potensielt er utset for flaumfare. Avleiing av tilsiget vil skje gjennom overføringstunnelen frå Dalaelv til Åsvatn. Tiltaket ligg i høgjellet og arbeidet startar når vårflaumen er over, med lav vurdert flaumrisiko. Eventuell flaumfare som følge av store nedbørsmengder kan føreseiast ved overvaking av vêrforholda.

Eksisterande dam vil under heile anleggsperioden fungere som ein barriere vidare nedover vassdraget i tilfelle overtopping eller brot på fangdam.

Skred

Tiltaket ligger utanfor aktsemdsområdet for steinsprang, jord- og flaumskred.

Anleggsområdet ligg delvis innanfor aktsemdsområde for snøskred. Anleggsarbeidet skal utførast utanfor snøskredsesong, slik at omsynet til snøskred ikkje er relevant.

4.2 NATURMANGFALDLOVA

Vurderingar er basert på data frå karttenestane til Artskart og Naturbase.

Landskap og naturtypar

Tiltaket ligg innanfor landskapstype middels kupert fjellandskap. Området ligg over skoggrensa og er i liten grad prega av menneskeleg aktivitet og infrastruktur. Økosystemet i og omkring tiltaksområdet består av våtmark, hei og open vegetasjon og lite vegetert mark. Rigg- og anleggsområdet etablerast på et område med lite vegetert mark og vil ikkje røre ved myrområde.

Det er ingen naturvernområde i tiltaksområdet.

Friluftsliv

Området i Viksdalen sør er kategorisert som eit svært viktig friluftslivområde. Sjølv om tiltaket ligg innanfor eit område som er kategorisert som et svært viktig friluftsområde, vil anleggsarbeidet ikkje ha nokon vesentleg påverknad. Arbeidet vil bli utført over en kort tidsperiode. For å sikre minimal visuell påverknad skal arealet arronderast og setjast i stand etter at tiltaket er ferdigstilt. Det ferdige anlegget vil ikkje avvike betydeleg frå dagens tilstand, med unntak av eit noko større fotavtrykk frå betongdammen. Arealbruken etter ferdigstilt tiltak vil vere tilnærma uendra.

Arter

Anlegget ligg innanfor eit område som er viktig for fleire fugleartar av nasjonal forvaltningsinteresse, inkludert fiskemåke (trua), raudstilk (nær trua) og gauk (nær trua). Leve- og hekkeområda til disse fuglane er difor viktige å ivareta. Tiltaket er planlagt gjennomført utanfor hekkesesongen for dei aktuelle fugleartane og vil difor ikkje ha nokon påverknad på hekketida.

Det er ikkje registrert nokon framandartar i området.

4.3 FORHOLDET TIL ANDRE MYNDIGHETER/LOVER

Plan- og bygningslova

Tiltaket er unntatt byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak § 4-3 første ledd (byggesaksforskrifta). Det skal avklarast med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan, då det skal vere samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar.

Konsesjon etter vassdragsreguleringslova er sjølvstendig grunnlag for å gje dispensasjon frå planar etter plan- og bygningslova for arealbruk godkjent i detaljplan og i medhald av konsesjonen.

Kulturminnelova

Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller i nærleiken av anleggsområdet. Dersom kulturminne oppdagast skal arbeidet stoppast.

Forureiningslova

Basert på type, omfang og varigheit av det planlagde tiltaket, er det ikkje nødvendig med midlertidig utsleppsløyve etter forureiningslova og forureiningsforskrifta.

Forureiningsfarar er hovudsakeleg knytt til

- sanitærløp for brakkerigg
- helikoptertransport
- oppbevaring og bruk av olje, drivstoff og kjemikaliar

Det vil bli stilt krav til entreprenør om tiltak for å hindre ureining i samband med anleggsdrifta. Rivemassar og byggeavfall som ikkje kan gjenbrukas vil bli transportert ut til godkjend handtering/deponi. Avfall, olje, drivstoff og kjemikaliar skal handterast og lagrast slik at det minimerer risikoen for forureining. Brenning av avfallsmateriale på anlegget er ikkje tillate. Det skal ikkje etablerast varige deponi på området.

Sanitære forhold for brakkerigg skal avklarast med kommunen.

Drikkevassforskrifta

I overføringstunnelar via Åsvatn, Fossvatn og Storevatn førast vatn frå anlegget til Bergsvatnet, som er drikkevassskjelde for Høyanger kommune. Drikkevatt vil ikkje bli negativt påverka av anleggsverksemda. Vatn som påverkast av anleggsverksemda vil avleiest gjennom dammen mot Sinsetdalen, og ikkje førast vidare i overføringssystemet mot Bergsvatnet.

Motorferdsellova

Transport av materiale, maskiner, personell mv. utførast med helikopter. Det avklarast med kommunen om jobben er dekkja av løyve for motorferdsel i utmark i Sunnfjord kommune i samband med vedlikehald av Statkraft sine anlegg.

4.4 PRINSIPP FOR ARRONDERING OG REVEGETERING

Etter enda anleggsfase skal alle mellombelse inngrep førast tilbake og arronderast. Alle påverka område skal gis ein god overgang mot tilliggjande terreng og landskapet rundt inngrepsområdet.

Eventuelle avdekkingsmassar i samband med etablering av riggområde vil bli lagra i ranker på inntil 2 m høgde for å ta vare på naturleg frøbank. Midlertidige anleggsområde setjast i stand og revegeterast med stadeigen vegetasjon, inkludert bruk av lagra avdekkingsmassar.

4.5 OPPSUMMERING AVBØTANDE TILTAK

Transport og rigg: Transport til damstad skjer med helikopter. Lokal transport med minigravar på anleggsområdet skal gjerast på skytematter for å skåne vegetasjonen. Brakkerigg skal etablerast fortrinnsvis utan graving.

Opprydding, arrondering og revegetering: Etter avslutta anleggsfase skal alle mellombelse inngrep fjernast og arronderast. Alle berørte område skal gis ein god overgang mot tilliggjande terreng og landskapet rundt inngrepsområdet. Eventuelle avdekkingsmassar lagrast i ranker på inntil 2 m høgde for å ta vare på naturleg frøbank, og nyttast til revegetering.

Handsaming av avfall: Avfall skal handsamast og lagrast slik at det minimerer risikoen for forureining. Rivemassar og byggeavfall som ikkje kan gjenbrukas vil bli transportert ut til godkjend handtering/deponi. Det skal utarbeidast ein plan for lagring av avfall før oppstart av byggearbeida.

5 Vedlegg

Vedlegg 1 – Grunneigar og interessentliste


Vedlegg 2 – Situasjonsplan og arealbruksplan

VEDLEGG 1 – GRUNNEIGAR OG INTERESSENTLISTE

Eigedom	Namn	Adresse	Tlf.nr.
4647/155/1	Eirik Ness Ingvild Noreng Ness	Sennesetvegen 37, 6973 Sande i Sunnfjord	906 46 700
4647/155/2	Martin Olav Senneset	Sennesetvegen 18, 6973 Sande i Sunnfjord	993 85 046

VEDLEGG 2 – SITUASJONSPLAN OG AREALBRUKSPLAN

Situasjonsplan



Arealbruksplan

